



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## SFO-leiar - 100% fast stilling

### Stillingsinformasjon

Frå 01.08.2018 er det ledig 100% fast stilling som SFO-leiar ved Sagstad skule.

### Arbeidsplass

Sagstad skule er ein barneskule med 416 elevar som ligg i kort avstand frå kommunesenteret Frekhaug. Det er ca 150 elevar knytt til SFO kvar dag.

Det er god kollektivtransport til og frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen er under ½ time.

Skulen har stort fokus på eit godt og inkluderande miljø, både blant elevar og dei tilsette.

### Arbeidsoppgåver

Som SFO-leiar har du ansvar for:

- Dagleg drift av SFO
- Dagleg leiding av dei tilsette i SFO
- Planlegging av aktivitetar, leik og måltid
- Tilrettelegging av aktivitetar, leik og måltid
- Planlegging og leiding av personalmøter med dei tilsette i SFO
- Organisering av leksehjelp
- Oppfølging av borna i SFO si rett til eit trygt og godt miljø
- Kontakt med dei føresette
- Informasjon til føresette.

### Kvalifikasjonskrav

Det er ynskjeleg med

- Fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar eller pedagogisk utdanning
- Erfaring med barne- og ungdomsarbeid
- Leiarerfaring og merkantil erfaring

Erfaring frå tilsvarande arbeid kan kompensere for manglande formell utdanning.

Personlege eigenskapar vil verte vektlagt.

Meland kommune har nynorsk som målform.

### Vi tilbyr

Eit inkluderande arbeidsmiljø

Spennande arbeidsplass med engasjerte og dyktige kollegaer

Ansvarsfull og utfordrande stilling med moglegheit for fagleg og personleg utvikling

IA-bedrift

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 08.04.2018

Utlyst dato 21.03.2018

Vårref

22/18

### Kontaktperson

Magne Lædre, Rektor, tlf: 56171310, magne.laendre@meland.kommune.no